

### **Saksgang**

<b>Utval</b>	<b>Utv.saksnr.</b>	<b>Møtedato</b>
<b>Hovudutval for næring</b>		<b>25.11.2020</b>
<b>Fylkesutvalet</b>		<b>10.12.2020</b>
<b>Fylkestinget</b>		<b>15.12.2020</b>

---

### **Ny avtale med Fjord Norge for åra 2021-2023**

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune godkjenner framlegg til ny avtale med Fjord Norge AS.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtala.

### **Samandrag**

Fjord Norge AS skal profilere Vestlandet som verdas mest attraktive destinasjon for natur- og opplevingsferiar. Vestlandsfylka si tidlegare avtale med Fjord Norge vart sagt opp i forkant av regionreforma, og gjeld i oppseilingstida ut 2020. Det er no drøfta og tinga fram eit framlegg til ny avtale for åra 2021-2023. Den nye avtala gjeld frå 01. januar 2021 og til 31. desember 2023, og skal no godkjennast i dei tre fylkeskommunane på Vestlandet. Den nye avtala regulerer den økonomiske støtta til Fjord Norge si verksemد, og vi gjer i denne saka nærmare greie for avtala.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

**Vedlegg**  
1 Avtaledokument vestlandsfylka og Fjord Norge

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkeskommunane på Vestlandet har i mange år ytt støtte til Fjord Norge si verksemd. I samband med regionreforma vart avtala sagt opp, og gjeld ut oppseiingstida i 2020. Eit framlegg til ny avtale er no utarbeidt. Dette er ei avtale mellom dei tre vestlandsfylka og Fjord Norge. Avtala skal vere gjeldande frå 1. januar 2021. Avtala er ikkje Fjord Norge sin handlingsplan, men ei skildring av fylkeskommunane sine mål med samarbeidet med Fjord Norge - og avtala regulerer den årlege støtta til Fjord Norge.

### Kva gjer Fjord Norge – føremål og visjon

Fjord Norge er landsdelsselskapet for reiselivsnæringa i fylka Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. I tett samspel med destinasjonsselskapene og næringa, leier selskapet det internasjonale marknadsarbeidet for Vestlandet. Selskapets posisjonere Fjord Norge som verdas mest attraktive destinasjon for natur- og opplevingsferiar.

Fjord Norge skal gjennom målretta internasjonal og nasjonal marknadsføring bidra til heilårs trafikk og betra lønsemd i reiselivstilknytta bedrifter på Vestlandet. Fjord Norge skal gjennom formidling av marknadskunnskap bidra til at reiselivsnæringa i regionen tilbyr marknadstilpassa produkt og tenester. Selskapet har 10 tilsette og har hovudkontor i Bergen.

Fjord Norge produserer og formidlar forbrukarkampanjer, åleine eller saman med partnarar som t.d. Innovasjon Norge, Fjord Line, Fjord Tours eller andre, der destinasjonar og store aktørar på Vestlandet som ynskjer det kan kjøpe seg inn for å få profilering. Selskapet arbeider også bransjeretta og har brei kontakt med turoperatørar og transportselskap gjennom salsreiser og messedeltaking digitalt og (i eit normalår) ved besøk. Ein viktig del av Fjord Norge sitt arbeid er retta mot presse, og dei legg til rette for visningsturar for utvalde medium for å sikre god og målretta profilering gjennom trykte og digitale flatar. Selskapet driv nettstaden [www.fjordnorway.com](http://www.fjordnorway.com) og ulike kanalar i sosiale medium.

### Eigarskap

Vestland fylkeskommune er eigar i aksjeselskapet Fjord Norge. Men denne saka femnar om det økonomiske bidraget til Fjord Norge, som vi ser åtskilt frå eigarskapsrolla. Vi fortel likevel litt om eigarstrukturen i selskapet. Fjord Norge har eit stort tal eigarar, dei fleste med ein liten del av aksjane. Det er ikkje nødvendigvis slik at eigarane av Fjord Norge er dei største brukarane av selskapet sine tenester, i og med at mange av selskapene som kjøper kampanjepllass og andre tenester ikkje er eigarar.

Dei tre fylkeskommunane har ein samla post på 35,6 % av aksjane. Rogaland og Møre og Romsdal har 8,9 % kvar, medan Vestland fylkeskommune har 17,8 % av aksjane og er største enkeltståande eigar. Bergen Reiselivslag har 11,3 % av aksjane. Fjord Tours AS, Fjord Line AS, Rezidor Hotels Norway, Color Line, Tide ASA, Hurtigruten ASA, Region Stavanger, Firda Billag, Norled AS, Novassol AS, Tide Buss ASA og Nettbuss Midt-Norge AS har kvar frå 2,9 % til 1,0 % av aksjane. Resten av aksjane er fordelt mellom eit stort tal aktørar. Det er om lag 202 aksjonærar i selskapet. Vestland fylkeskommune har sidan samanslåinga hatt to styremedlemmar i selskapet, medan Rogaland og Møre og Romsdal har eitt styremedlem kvar.

### Kva fylkeskommunane vil Fjord Norge

Fylkeskommunane på Vestlandet har vore eigarar sidan Fjord Norge blei danna, og har gjeve eit årleg tilskot. Ei felles avtale mellom vestlandsfylka og selskapet har lagt grunnlaget for samarbeidet. Den nye avtala er i liten grad endra frå tidlegare. Prinsippet om at berekraft skal være grunnmuren i all aktivitet er løfta fram. Ti målsettingar for korleis Vestlandet skal arbeide mot visjonen *Attraksjon gjennom berekraft* er utvikla i samarbeid mellom næringsaktørar, reiselivsorganisasjonar, Fjord Norge og dei offentlege aktørane i framtidsbiletet Scenario Fjord Norge 2030.

Koronakrisa har vist at det er nødvendig at Fjord Norge også gjer ein innsats på vegne av Vestlandet i nasjonal marknadsføring, og dette er lagt inn i fylkeskommunane si avtale med selskapet som eit førande punkt saman med internasjonal marknadsføring. Vedtekten til selskapet har allereie i ei årrekke sagt at Fjord Norge kan drive både nasjonal og internasjonal marknadsføring. Destinasjonsselskapa er ulikt rigga når det gjeld eigne ressursar og kompetanse, og dei som ynskjer det må kunne kjøpe tenester frå Fjord Norge som kan gi dei betre slagkraft og meir målretta innsats i denne krevjande tida.

Fjord Norge har ei viktig rolle som støttespelar for destinasjonsselskapa og deira medlemmar. Selskapet er ein «isbrytar» som har kraft og tyngde til å være til stades ved bordet i forhandlingar med store partnarar i ulike marknader, t.d. flyselskap og store internasjonale turoperatørar. Slik kan selskapet opptre på vegne av reiselivsnæringa på Vestlandet, og bruke merkevara Fjord Norway til å tiltrekke seg kundar til tilbydarane her heime. Selskapet er ein sentral ressurs når det gjeld marknadskompetanse og innsikt i trendar, kulturelle tilhøve og strategiske val for ulike marknader. Denne kompetansen kjem næringa heime til gode gjennom overføring i dialogmøte og treffpunkt der Fjord Norge AS og destinasjonsselskapa møtest.

### **Meir om framlegget til avtale**

I avtala ligg det til grunn at Fjord Norge og administrasjonen i dei tre fylkeskommunane har faste møte to gonger i året. Det er også god og jamn kontakt mellom fylkeskommunane og Fjord Norge i tillegg til desse formelle møta. Mellom anna møter Fjord Norge i nettverket Reiselivsforum Vestland som fylkeskommunen samlar til. Her møter elles dei åtte destinasjonsselskapa i fylket, Innovasjon Norge, Fylkesmannen, NHO Reiseliv og Hanen. Den nye avtala skal gjelde for tre år.

Avtala mellom fylkeskommunane på Vestlandet og Fjord Norge legg til grunn at dei tre fylkeskommunane bidreg med avtalte beløp og opptrer samla i dei strategiske forventningane som ligg til grunn for støtta til Fjord Norge. Det årlege støttebeløpet er sett til 6 MNOK frå Vestland, 3 MNOK frå Rogaland og 3 MNOK frå Møre og Romsdal. Den økonomiske ytinga vert ikkje prisjustert i løpet av avtaleperioden.

Avtala styrer det økonomiske bidraget til Fjord Norge, men ein presiserer at fylkeskommunen sine eigne budsjett gjeld for eitt år om gangen og at dette kan påverke fylkeskommunen si evne til å oppretthalde avtala. Midlane frå Vestland fylkeskommune vert finansiert over næring og innovasjon sitt årlege budsjett.

### Vedtakskompetanse

Avtala bind økonomiske midlar i fleire år framover, og vedtaksmynde ligg til fylkestinget.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Vestland fylkeskommune sitt bidrag vert finansiert med avsette midlar i dei årlege budsjetta, under næring og innovasjon sitt budsjett for reiseliv. Årleg støtte er pt MNOK 6 årleg.

**Klima:** Fjord Norges sine aktivitetar som presisert i Scenario 2030 set miljø og klima sentralt

**Folkehelse:** Ei vellukka satsing kan byggje opp under arbeidet med ei god folkehelse

**Regional planstrategi:** Innsatsen støttar opp under sentrale målsetnader.

### Konklusjon

Fylkesrådmannen konstaterer at framlegget til ny avtale med Fjord Norge presiserer den målretta innsatsen for klima og miljø som ligg i det framtidssbildet som vi strekkjer oss etter - Framtidsscenario 2030. Det vil vere krevjande tider innan reiselivet i fleire år framover, og gjennom denne avtala yter Vestland fylkeskommune eit godt bidrag til den målretta marknadsinnsatsen som Fjord Norge skal yte framover.